



Kyrkjebladet for VAKSDAL

68.ÅRG./ NR.2 - 2015

God sommar!

**Kyrkjevalet
2015**

**Årets
konfirmandar**
Side 4-5

**Ingrid
Verpelstad**
Side 6-7

- Andakt side 3
- Slekters gang side 15
- Gudstenestelista side 16

**DEN NORSKE KYRKJA
I VAKSDAL**

Kyrkjekontoret for Vaksdal
Pb 113, Fabrikvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)
E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no
Kyrkjekontoret har ikkje telefaks.

Ekspedisjonstid:
Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

**Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo
Rosvold**
Mobil 97 69 75 62
E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø
Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Tlf. kontor 56 59 70 88
Mobil 90 84 06 24
E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no
Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe
Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
og Nesheim sokn
Mobil: 90 19 65 14
E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no
Tlf. privat 56 59 73 15

Trusopplærar
Kristin Straume Audestad (frå 1. august)
Mobil: 95 76 63 79

**Kantorane Olav Arne Steinkopf og
Tone Synnøve Øygard Steinkopf**
Tlf. kontor: 56 59 39 20
Tlf. privat: 56 59 56 25
E-post: steinkopf@online.no

Samtale med presten
Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på
www.vaksdal.kyrkja.no

*Framsidebilete: Edvard Bø i gudstenesta på
Skipshelleren Helgetorsdag.*

Sumaren er endeleg her...

Eller kanskje han ikkje kjem i det heile dette året. Ein kar eg snakka med kom med fylgjande visdomsord. «Du veit at sumaren blir sein når skaren ber til ST. Hans.» Ein kan byrja å lura når gradestokken so vidt kryp over 7 grader. Eg er samd med ordføraren som las temperaturar på morgonsendinga i P1 her om dagen «Da hadde vore betre med eit 1-tall framfør» Enkelte av oss droymar kanskje om temperaturar over 20 grader også.

Der temperaturen har vore rimeleg høg den siste tida, er vel når folk utalar seg om E16. Tradisjonen tru er våren ei tid da dundra ned snø, stein, jord og tre (og anna rask) langs fjellsidene våre. Alt for ofte treff desse rasa E16. No er alle samde om at noko må gjerast, og det raskt! Kva som er raskt veit ingen. Men det kan hende at det har vore so mykje bråk denne gongen at politikarane i Oslo har fått det med seg? Det hadde vore kjekt med litt finare ver slik at dei som ligg i båt og glor på fjelltoppane får litt betre arbeidstilhøve. Det er mykje god HMT i sol.

Grillen får nok ein roleg summar dette året. Han har vore i bruk ein gong, men eg skal væra so ærleg å sei at det var mest på trass. grillspyd og kottelettar måtte bærast inn med blåfrosne valne hender. Det var sjølvskilt alt for kjølig til å eta ute, og på toppen av det heile begynte det å regna igjen. Eg hadde lagt mange planar for sumaren. Det skulle målast, gravast og vølast. No er det rett og slett ikkje vær til det. Utruleg kor mykje slit eg slepp unna.

Eg vonar at du som les dette, sit stolen din på terrassen. Sola steiker, grillen fresar, og det er for varmt til å jobba i hagen, eller til å måla veggen. Du har bestemt deg for å kanskje jobba når det blir litt skugge. Det kan nemleg bli for varmt til å måla også, det var det i fjor.

**God Sumar
Bjart-Magnus N Rosvold**

Fellesrådsleiar:
Anne Hilde Fosse Osvold
tlf. 56 59 58 16 / 951 00 327

Soknerådsleiarar:
Vaksdal: Svein Hovlandsdal
tlf. 951 72 152
Dale: Eli Kringlebotten
tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925
Bergsdalen: Ragna Lid
tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044
Stamnes: Bjørn Stammesfet
tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351
Eksingedalen: Geir Høvik
tlf. 56 59 66 49
Nesheim: Frøydis Gullbrå
tlf. 56 59 52 77

Den norske kyrkja si heimeside:
www.kyrkja.no
**Bjørgvin bispedømme
si heimeside:**
www.kyrkja.no/bjorgvin
Bibelen på nett: www.bibel.no

**KYRKJEBLAD FOR
VAKSDAL**
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr 200,-
Annonsepris: kr 3,- pr. sp.
Avgiftsfritt.
Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:
Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:
VaksdalPosten

Kasserar:
Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:
Riss Grafisk AS,
5610 Øystese.
Tlf. 56 55 36 50

Retur til: Kyrkjekontoret
for Vaksdal, Pb. 113,
5721 Dalekvam

Stoff til neste nr. må me ha seinast 20. august 2015



Når det står om livet

I Kapernaum var det ein kongeleg embetsmann, og son hans var sjuk. Då han fekk høyra at Jesus var kømen frå Judea til Galilea, gjekk han til Jesus og bad han koma ned og gjera son hans frisk, for det stod om livet. Jesus svara: «Ser de ikkje teikn og under, så trur de ikkje.» Mannen seier til han: «Kom, Herre, før guten min dør!» Jesus seier til han: «Gå heim, son din lever!» Og mannen trudde det ordet Jesus sa til han, og gjekk. Joh.4. 46b-50

Den kongelege embetsmannen hadde hørt om Jesus. Kanskje var det ei av oppgåvene hans å fylgle med på kva som røyrdé seg i traktane kringom Galilea, der kor Jesus verka. Han vissste at fleire av dei som hadde kome til Jesus var legte frå ulike sjukdomar. Vitnemåla deira var ei viktig kjelde til å fylge medi verksemnda til det som kongen så på som ei potensiell fare for tryggleiken i landet. Dei va redde for røyrslor som kunne føre til opprør og dernest represalier frå dei romerske styresmaktene.

Men denne gongen gjaldt det ikkje kontroll og politikk. No stod det om livet. Og etteretninga i høve Jesusrøysla kom til nytte på ein heilt anna måte enn embetsmannen først hadde tenkt seg. Son hans vart alvorleg sjuk. Mannen skunda seg i veg for å finna Jesus, koste kva det ville. Han hadde ikkje lenger tanke på kva kong Herodes eller andre vill seie om handlinga. Han gjekk dit



han var overtydd om å få hjelp. Sjølv ikkje det som så lett kunne takast som ei avvising frå Jesu si side, stoppa han. Han var ikkje komen for å sjå eit spektakulært teikn. Han var der fordi det stod om livet med sonen. Det hasta.» Kom, Herre, før guten min dør!» Det var nok truvedkjennung for Jesus. Jesus proklamerte der og da at guten levde, utan å leggje hendene på han eller å salva hovudet. Faren gjekk forventningsfullt heimatt. Mange vil-

le vel mast på Jesus om at han måtte bli med. På vegen kom tenarane springande og fortalte at guten var kvitt feberen. På spørsmålet om når, blei det klart at det skjedde i same stunda som Jesus sa orda. Og dei kom til tru, ikkje berre embetsmannen men alle som høyrde til i huset hans. Dei skjøna at Jesus er gudsmannen med makt over sjukdomar, ja liv og død. Berre eit ord frå Jesus var nok til å skape endring.

Når står det om livet for deg og meg? Me har gode sjukehus og kompetent helsepersonell, men det hender dei òg kjem til kort. Tør me tru at det er ei himmelsk makt i våre liv som me kan gå til og søkje hjelp? Hans navn er Jesus. Han er ikkje langt borte. Han høyrer den enkle bøna som spring ut or naud og hjelpeøyse. Han har lova svar og hjelp. Men kanskje treng det verte naud-synt for oss å söke hjelp. Då kan me vedkjennast trua vår, og vona som spring ut av at livet står på spill.

*Sokneprest
Edvard Bø*



Konfirmantar 2015



EIDSLAND KAPELL 25. APRIL: Frå venstre Regine Matre Nordheim, sokneprest Frode Kvamsøe og Sunniva Iversen. (Foto: Jahn Olav Nordheim)



STAMNES KYRKJE 10. MAI: Framme frå venstre: Tonje Stammes, sokneprest Edvard Bø og Vilde Myster Dyvik. Bak frå venstre: Silje Zuliani, Hedda Leiren Fosmark, Malin Skjerve, Aina Skjerve og Michelle Johnsen Fenne. (Foto: Kaisa Tiivel)



DALE KYRKJE 2. og 3. MAI: 1. rekke frå venstre: Magnhild Sæterdal Haugsvær, Even Øie Lid, Karina Kulshamar Ulevik, sokneprest Frode Kvamsøe, Sara Steinsland Boge, Ruben Skaftun Søvik og Emilie Berentsen Sandvik. 2. rekke f.v: Daniel Aron Solheim, Lars Helge Vik Dale, Anna Yu Verpelstad, Amalie Beseth, Aina Kristin Steinsland, Karoline Solberg Sandvik, Jenny Kristina Skorpen Kvamme, Amanda Faugstad, Olav Tveterås Eliassen og Marius Olsen. 3. rekke f.v: Andreas Vågen, Henry Eneberg Nord, Alexander Jakobsen Kolaas, Jonas Laastad Hesjedal, Martine Eidsnes, Andreas Ellingsen, Torje Midtsæter, Jens Kallestad Solstad og Ruben Johnsen Davidsen. Hans Kristian Balestrand Ulveseth og Halvard Hvidsten Brekke var ikkje til stades under fotograferinga. (Foto: Fotograf Løtveldt)



EKSINGEDEALN KYRKJE 30. MAI: Frå venstre: Sokneprest Frode Kvamsøe, Mona Gullbrå, Jakop Flatekval og Håkon Øvstdal. (Foto: Anita Gullbrå)



VAKSDAL KYRKJE 3. MAI: 1. rekke frå venstre: Birgitte Molund Sørensen, Andrea Sivertsen Berge, sokneprest Edvard Bø, Emilie Knutson Herfindal og Haldis Tuva Tolås Bøge. 2. rekke f.v: Jonas Vågen, Erling Flåm Krogsrud, Silje Linnea Folgerø, Adrian Krogsrud Vatle og Mathias Skaftun Bøge. 3. rekke f.v: Trygve Alvheim, Dag Rokne og Tor Kristian Eek-Larsen. (Foto: Fotograf Løtvedt)

Konfirmantåret som var



I Vaksdal kyrkje konfirmantane mellom anna med på å dramatisere ei bibelforteljing... Foto: Bjørn Knutsen.

Det har vore konfirmasjon i fem av kyrkjene våre no i vår.

For konfirmantane i Dale, Stamnes og Vaksdal sokn var det felles Ung Messe («Samtalegudsteneste») i Vaksdal kyrkje like før sjølve konfirmasjonsgudstenesta. Konfirmantane i Eksingedalen hadde sin samtaledel integrert i konfirmasjonsgudstenesta, der dei tok del i lesing frå Bibelen og i sjølve preika. Konfirmantane fra Eidsland hadde si samtalegudsteneste i Modalen.



...og å danse til Our Father - som er Herrens bøn i engelsk språkdrakt. Foto: Bjørn Knutsen



Aktiv dame på Stanghelle

På Stanghelle bur ei dame som har vore aktiv i bedehus og kyrkje «dei fire siste tiår», og som ikkje har tenkt å gje seg ennå.

- Eg er med så lenge eg kan seie ja til det, seier Ingrid Verpelstad. - Eg vil vere med så lenge eg har høve til det.

Det har ikkje alltid vore slik i Ingrid sitt liv, det var først i vaksen alder at ho fekk ei medviten og aktiv tru.

- Då eg var om lag 30 år byrja eg å fylgje mora mi då ho skulle i bibelgruppe. Eg vart litt overraska over at dei dei som gjekk der var jo normale folk, sjølv om dei trudde på noko som eigentleg var utruleg. Etter kvart fann eg ut at dette var noko eg og ville tru på. Så var det ein gong seinare at det var ein møteaksjon i kyrkja. Der og fylgde eg mora mi. I dei møta var det nattverd, og på eit av møta bestemte eg meg for å gå til nattverd - og slik vise at eg var blitt kristen.

Trua tyder for meg at eg er trygg i ein kvar situasjon i livet, eg har ingenting å engste meg for.

Ingrid vaks opp på Skyttarlassen på Dale, men har budd på Stanghelle sidan 1970. Ho er gift med Arne, og dei har tre born.

- Då eg vaks opp budde bestemødrene mine i huset hos oss, først den eine - så den andre. Dei hadde framme Bibelen og Songboka, og hørde på radiogudstenesta om søndagane. Somme gonger var eg med syster til den eine bestemora mi på gudsteneste. Dette var i den gamle kyrkja på Dale, og eg hugsar ennå at eg sette meg føre at ein dag skulle eg greie å sjå korleis presten kom seg opp



Barndomsheimen: Ingrid i bakken ved huset der ho vaks opp på Skyttarlassen.

på preikestolen. Preikestolen i den gamle kyrkja var høgt oppe på veggen, over altarbilete, og eg lurtet feilt på korleis han fekk til å kome seg opp dit. Men eg fann aldri ut av det! Ingrid gjekk og på søndagsskulen som lita jente, og hugsar ennå damene som hadde sam-

lingane for dei, og korta med merker som dei fekk.

Etter realskulen fekk Ingrid arbeid i fabrikken på Dale, og var der til ho vart gift. Ho var så heimeverande med borna i om lag 15 år, før ho byrja i fabrikken att.

- Det var ei fin tid, og eg angra ikkje på at eg var heime då borna var små. Det var nok å gjere på då, og aldri keisamt.

Og som om ikkje det var nok: Då det kom barneborn valte Ingrid å slutte av i arbeidslivet - for å bli «heimeverande bestemor». Den spreke



70-åringen har 7 barneborn, og at ho er sprek vert stadesta når ho fortel at ho framleis likar å ta seg turar i fjellet.

Etter at Ingrid hadde vedkjent seg trua ved å gå til nattverd vart ho spurt om å vere med på ting. Og i åra som har gått har ho vore med på mykje arbeid i bedehus og kyrkje:

Ingrid har vore søndagskulelærar i nærmere 40 år, og leiar i Barnelaget på Stanghelle i 23 år. Barnelaget har pause nett no, mellom anna då bedehuset har vore uteleigd til barnehage i om lag halvanna år fram til i fjor haust. Frå byrjinga av 80-talet har Ingrid vore med i bedehusforeininga på Stanghelle, ho har vore i styret for indremisjonen på Stanghelle og Dale i fleire periodar, og elles vore med i ulikt arbeid i bedehusa.

Ingrid var og voksenleiar i det kristne skulelaget «Demring» på Dale ungdomsskule i 3-4 år frå slutten av 70-talet.

- Me hadde samlingar på skulen ein gong i veka, og reiste på weekend - det var det me kalla det på den tida - til Fagertun leirstad i Eksingedalen.

Og som om ikkje alt dette var nok har Ingrid hatt sete i heradsstyret og kulturstyret i Vaksdal for Kr.F, og vore med i Dale sokneråd i 2-3 periodar. Ektemannen Arne vart kristen 2-3 år etter Ingrid, han og har vore aktiv i det kristne arbeidet i ei årrekkje.

Ingrid har vore med å laga møteplassar for menneske i mange år.

Kvífor skal folk sende borna til bedehuset og kyrkja - og kvífor skal dei gå der sjølv?

- For å oppdage at Bibelen er sann - og ikkje berre ei fortelling. Me møter Gud gjennom Odet - og Gud møter oss gjennom det. Og for dei som er kristne er det viktig å gå der for å få næring til trua si slik at dei kan bli bevart i henne.

Kva verdi har trua for deg?

- Trua tyder for meg at eg er trygg i ein kvar situasjon i livet, eg har ingen ting å engste meg for. Og det er eit spanande liv! Slik som når me ber. Då får eg somme gonger meir enn eg har bede om, andre gonger mindre. Gud ser kva eg treng. «Han tek ikkje glansen av livet» er tittelen på fin song, og det er verkeleg sant! Det er ikkje slik at når ein er kristen så får ein ikkje lov til noko lenger, eller ikkje kan ha det kjekt. Det er mykje meir spennande å leve dette livet, i trua og fellesskapen. Eg hadde det godt for og, men då eg vart kristen fekk livet ein ny dimensjon.

Du nemnde nattverden. Kvífor går du til nattverd?

- Der får eg fellesskap med Jesus, og får tilgjeving for synene mine. Det er eit mysterium, men likevel noko eg kan få tru på. Og det er viktig å vite at nattverden ikkje er noko premiebord. Somme gonger kjenner eg meg uverdig til å få nattverd, men eg går likevel. Det er jo nett då eg treng det.

**Tekst/intervju:
Frode Kvamsøe**

FAKTA

Dale og Stanghelle Indremisjon

Det har vore sjølvstendige indremisjonsforeiningar på Dale og Stanghelle opp gjennom åra. I 2006 vart foreiningane slegne saman,

og heiter no Dale og Stanghelle Indremisjon. Indremisjonsforeininga eig og driv bedehusa på Stanghelle og Dale.

I tillegg til eiga møteverksemder vert husa uteleigd til mellom anna minnesamvær, konfirmasjoner, åremålsdagar, konfirmantsamlingar og kursverksemd.



Kyrkjeconcertar: Unge og gamle i samklang i Dale kyrkje under Daledagane.

Kyrkjeconcertar under Daledagane

Daledagane vart avvikla fyrste veka i juni, og med i programmet var tre kyrkjeconcertar; ein korkonsert, ein jazz-konsert og ein orgelkonsert. Orgelkonserten var det kantoranane Steinkopf som sto for, jazzkon-

serten var ved Per Jørgensen, dei tre eldste i Steinkopf-familien og Sajjad Mohammadi, og Korkonserten var ved Korskulen i Vaksdal, Kilden og Steinkopf Trio med fleire.

**KONFIRMANT
2016**

Konfirmantåret som kjem

Dei som skal konfirmerast neste år startar konfirmantåret med at dei vert presenterte for kyrkjelyden i ei gudsteneste i det soknet dei bur i. Tid og stad for desse gudstenestene er:

Eidsland:

Søndag 23. august kl. 11.00 i Eidsland kapell

Dale:

Søndag 30. august kl. 11.00 i Messehagen

Vaksdal:

Søndag 30. august kl. 18.00 i Vaksdal kyrkje

Stamnes:

Søndag 6. september kl. 11.00 i Stamnes kyrkje



Frå Stamnes kyrkje: Simen fekk «vaska føtene» på galleriet, slik Jesus vaska føtene til lærresveinane sine Skjærtorsdag. I bakgrunnen, framme ved altaret, fekk ei gruppe vere vitne til oppstoda på Påskedagen. Foto: Ragnvald Kringlebotten

Borna sin påskedag

Ei nyskapning i kyrje-lydane våre er Borna sin påskedag. Det var to guds-tener - på Vaksdal og

Stamnes - like etter påske kor hovedelementet var ei vandring gjennom påske-hendinga fra Palmesøndag

til Påskedag. Både born og vaksne var med på vandringsa i og utanfor kyrkjebygget, og dei fekk både

høyre og på-liksom-veremed-på noko av det som skjedde i påska.

Trusopplærar

Kristin Straume Audestad (biletet) tek til som trusopplærar i Vaksdal. Stillinga er på 50 %, og vert finansiert med pengane som kyrkja har fått ekstra i samband med trusopplæringsforemen.



1. august er den offisielle dagen for tilsetjinga, men Kristin har allereie vore med på samlingar med Trusopplæringsrådet og mentoren for trusopplæringsarbeidet, og samling med staben ved Kyrkje-

kontoret. Ho har og vore deltakar på ulike kurs. Frå nyttår av har Tone Synnøve Øygard Steinkopf fungert som trusopplærar i 20 % stilling.



Første- klasses.

Det er ei storhending å byrje på skulen! Over førti born er snart klare til å byrje i 1. klasse rundt om i sokna våre, og det vil me markere. Difor innbyd me alle som er seks år i til å bli med på ei gudsteneste eller søndagsskulesamling:

Eksingedalen og Nesheim:
Søndag 16. august
kl. 11.00 i Nesheim kyrkje

Stamnes:
Søndag 16. august
kl. 17.00 i Stamnes kyrkje

Eidsland:
Søndag 23. august
kl. 11.00 i Eidsland kapell

Vaksdal, saman med
Søndagsskulen:
Søndag 23. august
kl. 11.00 i Vaksdal bedehus

Dale:
Søndag 30. august
kl. 11.00 i Messehagen



Korskulen i Vaksdal: Korskulen syng rundt om i kommunen, i kyrkjene og andre stader. Her frå konserten i Dale kyrkje under Daledagane i år..

Tre i kor!

Me tok tak i tre songarar etter konserten med Korskulen og Kilden under Daledagane.

Dei fekk fire kjappe spørsmål - og dei gav fire kjappe svar:

1. Kva kor er du med i?
2. Kor lenge har du sungne i kor?
3. Kvifor syng du i kor?
4. Korleis er Tone Synnøve som dirigent?

Julie Dalseid Landro
(13 år)

1. Dale barnesongkor/Korskulen/Ungdomskoret/Kilden.
2. I om lag 5 år.
3. Det er gøy, og eg likar å synge.
4. Ho er veldig flink.



Ingeborg Straume Audestad
(10 år)

1. Vaksdal barnekor/Korskulen.
2. I om lag 3 år.
3. Det er gøy å synge og å lære nye ting.
4. Ho er ein god dirigent, og flink til å sygne...



Martha Mjelde
(11 år)

1. Vaksdal barnekor/Korskulen.
2. I om lag 4 år.
3. Eg likar å synge, og så er eg kristen.
4. ...og flink til å spele piano. Og så er ho grei!





Min salme

**Min salme står som
nr.423 i Salmeboka 1984
og nr. 422 i den nyaste
salmeboka.**

Denne salmen har eg kjent i mange år. Eg kjem stadig tilbake til den i både sorg og glede, føler den innehold

det eg treng i livets mange fasar. Salmen kan brukast som bøn for meg sjølv, og i song saman med andre. Den minner oss og om at det er alltid ein som ser oss, veit om vår stode når me føler oss åleine.

**Frå Margrete Jamne,
som utfordrar vidare Liv
Sæther.**

**T: Ole Theodor Moe 1904
M: Caroline Volla Sørli omkr 1910**

**1 Jesus, det eneste,
helligste, reneste
navn som på menneskelepper er lagt!
Fylde av herlighet,
fylde av kjærlighet,
fylde av nåde og sannhet og makt!**

**2 Motganger møter meg -
aldri du støter meg
bort fra din hellige, mektige favn.
Mennesker glemmer meg,
Herre, du gjemmer meg
fast ved ditt hjerte og nevner mitt
navn.**

**3 Herre, du høre meg,
Herre, du føre meg
hvordan og hvorhen det tjener meg
best!
Gi meg å bøye meg,
lær meg å føye meg
etter din vilje mens her jeg er gjest!**

**4 Du er den eneste,
helligste, reneste.
Gi meg ditt rene og hellige sinn!
Frels meg av snarene,
fri meg fra farene,
ta meg til sist i din herlighet inn!**



Gudstenester ute i det fri

I Vaksdal har me fleire gudstenester utanårs i løpet av «sesongen», og det er ikkje rart med så mykje flott natur rundt oss. Første sundag i juni var datoen for Fitjavasstemna for døra - eller Nordvikseterstemna som det heiter i Samnanger. Det er godt over 100 år sidan dei starta med

dette stemna, og Samnanger og Vaksdal vekslar på å ha ansvar for gudstenesta som innleier stemna. Nett i år var været så dårlig at me trakk innandørs og var i Haga kyrkje i Samnanger. Viss veret betra seg skal det etter planen ha vore ei familiegudsteneste i Agravika på Stang-

helle andre søndagen i juni. Tidlegare i vår har det og vore gudsteneste ved Skipshelleren (sjå framsidebilete), noko som og har blitt ein tradisjon no. Seinare i sommar står desse gudstenestene for tur:

STØLSGUDSTENESTE - søndag 5. juli kl. 15.00

På Bukkatødna i Bergsdalen.

Bukkatødna er gamle murar etter ein stol som høyrer til garden Hatlestad. Turen er om lag 3,5 km, og har ikkje bratt men varierande stigning. Det er høve til å parkere ved det gamle skulehuset på Hatlestad, og så gå 2-300 meter langs vegen før ein kjem til Hatlestad. Frå Hatlestad går det veg opp til Hatlestadstølen, og sti vidare til Bukkatødna. Ein vanleg turgjengar vil bruke ein dryg time til Bukkatødna. Det vert felles avgang frå Hatlestad kl. 13.30. Etter gudstenesta vert det felles matøkt – ta med mat. Viss været vert for dårlig er me i lavvuen på Småbrekke. Ta kontakt med Frode Kvamsøe (90 19 65 14) viss du vil vite heilt sikkert kor hen stolsgudstenesta vert.



Gudsteneste: Frå Stolsgudstenesta i 2013.

OLSOKSTEMNA - onsdag 29. juli kl. 18.00

På Leiro (Eidsland)

Leiro er ein fjellgard ovanfor Myster på Eidsland, og det tek ein dryg ime å gå opp for dei som er i rimeleg god form. Det er nokre bratte parti, og ein går somme stader på relativt smale stiar.

For dei som vil ha nokon å gå saman med er det felles avgang kl. 16.30 frå Sauefjøset på Myster. Det er avgrensa kor mykje parkeringsplass det er der. For dei som greier å gå litt ekstra kan vere lurt å parkere nede ved Grendahuset eller jamvel ved kapellet. Olsokstemna fylger den vante oppskrifta: Fyrst ei enkel gudsteneste ved ein av prestane i Vaksdal - i år der det Edvard Bø - og så matøkt. Maten tek ein med sjølv, og det er opp til kvar einskild kor lenge ein vil vere der.

Viss været vert for dårlig til å dra ut på tur



Leiro. (Foto: Anne M. Eikefet)

vert stemna halde annten i kapellet eller under Ljoseberghelleren.

Ta kontakt tidlegare på dagen med Edvard

Bø (90 84 06 24) viss du vil vite det heilt sikkert kor stemna vert.

FEST PÅ KJERKA - søndag 30. august kl. 11.00

I Messehagen på Dale

«Fest på kjerka» er eit uttrykk frå Sjømannskyrkja sitt arbeid rundt om i verda, og me freistar å få fram same kjensla når me skipar dette til i Messehagen kvart år. Sjømannskyrkja vert representert og set sitt preg både på gudstenesta og kyrkjekaffien. Torsdagssklubben vert med - det er og ein tradisjon - og bidreg til svingande musikk under gudstenesta.

I gudstenesta vert og komande års konfirmantar presenterte, og me markerar at det er skulestart for årets 6-åringar. Ved dårlig ver vert det «Fest på kjerka» i Dale kyrkje.



Kyrkjevalet 2015

Kyrkjevalet 2015 vil finna stad den 14. september 2015. Dette er same dato som kommune og fylkestingsvalet. I Vaksdal kommune vil du kunne stemme på same staden som der du stemmer ved storting og fylkestings valet.

Kyrkjevalet består av to val. Val til sokneråd og val til bispedømerådet. For å kunne stemme ved kyrkjevalet må du fylla 15 år i 2015. Du må også være medlem av den norske kyrkja.

Viss du ynskjer å førehandsrøysta kan du gjera dette på kyrkjekontoret frå og med 17. august. Me minner om kyrkjekontoret si ekspedisjonstid som er tysdag og onsdag 11:00-14:00.

KONFIRMANTJUBILEUM


På Dale og Vaksdal innbyr soknerådet konfirmant-jubilantane til fest! Det startar med gudsteneste i kyrkje kl. 11.00, og held fram i bedehuset med matservering og variert program. Sokneråda freistar å sende brev til kvar einskild, viss nokon av dei det gjeld ikkje får det brevet kan dei kontakta sokneråda direkte. Datoane for jubilea er

Dale: Søndag 11. oktober. Gjeld 50- og 60-årskonfirmantar
Vaksdal: Søndag 18. oktober. Gjeld 50-årskonfirmantar

På Stamnes vert det arrangert felles fest for årets konfirmantar og 50-årskonfirmantane. Dette skjer vanlegvis ein laurdag i oktober, og datoen vil bli kunngjort seinare.

Vil du bli bedre å snakke med for mennesker som har det vanskelig?

God å snakke med



Kirkens SOS. Vi er her. Alltid.

Velkommen til «God å snakke med», en gratis kurskveld der du lærer å skape gode samtaler med mennesker som har det vanskelig, privat eller på jobben.

Sted: Bergen døvekirke
Kalfarveien 77
Tid: Mandag 31. august
kl. 19.00–21.00

For mer informasjon og påmelding, ring eller sms til 941 83 654, send epost til bjorgvin@kirkens-sos.no eller se www.kirkens-sos.no

**Bjerkheim
Jazz**

Live frå Vossa Jazz 2011

Musikk av Olav Arne Steinkopf
Tekstar av Trygve Bjerkheim

CD-en kostar kr 100,-, og kan kjøpast gjennom Kyrkjekontoret



Slutt med fasttelefon

Det har vore fasttelefon i dei fleste kyrkjene i Vaksdal, men no er linjene stengt. Fellesrådet gjer det for å spare pengar, og reknar ikkje med at dette vert noko problem. Telefonane har vore særslitne og dei fleste har mobiltelefon i dag.



Vaksdal bedehus

Søndag 23. august kl. 11.00: Samling for 1. klassingane.
Søndagsskule kl. 11.30

Søndag 13. september kl. 11.00: Storsamling.
Søndagsskule kl. 11.30

Tysdag 15. september – fredag 18. september:
Felles møteveke for indremisjonane i Vaksdal.
Møter kl. 19.00. Tale ved Reidun Skurtveit.



Dale bedehus

Onsdag 19. august kl. 19.00. Møte. Tale ved Leiv Nesheim




Stanghelle bedehus

Onsdag 2. september kl. 19.00. Møte. Tale ved Leiv Nesheim

Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjecontoret




Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider -

NY PRIS kr 150,-

Kan kjøpast i butikken på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.




Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider -

NY PRIS kr 200,-

Kan kjøpast her:

Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja.



Kyrkjestaden Dale 100 år (1996)

104 sider – kr. 50,-



Soga om Stamneskyrkja (1986) 239 sider
– kr. 50,-

Jubileumshefte for Stamnes kyrkje

(perioden 1986-2011)

er til salgs hjå soknerådsmedlemmene, Kr 100,-



TOMME-
STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle
Kaldtbord
Snitter

Minnesamvære:
• Dekking
• Mat
• Servering

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

**coop
prix**

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

Opningstider:
Mån-fre 08-21
Laurdag 08-20
Søndag 12-20

**SÆTERDAL
ELEKTRO**

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no



**VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Opprettning

Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.



**STEINRIKET
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no



SLEKTTERS GANG



DØYPTE

Bergsdalen

- 05.04 Martine Fosmark Birkeland
05.04 Vetle-Andreas Fosmark Birkeland
05.04 Iris Sellevold Erdal
05.04 Sarah Karimi Mbogo-Svensson

Dale

- 15.03 Thomas Eikås Vestrheim
29.03 Signe Roti
05.04 Sanna Faugstad Straume
31.05 Olivia Birkeland Johnsen

Stamnes

- 07.06 Kaspar Hegge Gøther-Rønning

Vaksdal

- 12.04 Tor Kristian Eek-Larsen



DØDE

Dale

- | | | |
|-------|---------------------|------|
| 17.03 | Paul Lie | 1931 |
| 18.03 | Roald Johan Mjelde | 1940 |
| 27.03 | Nelly Kristiansen | 1929 |
| 05.04 | Helge Arild Bolstad | 1946 |
| 19.04 | Olav Gregersen | 1925 |
| 25.04 | Anna Fadnes | 1920 |
| 03.05 | Klara Lange | 1932 |
| 09.05 | Johannes Steinsland | 1929 |
| 28.05 | Erling Tysse | 1933 |
| 31.05 | Esther Walle | 1916 |

Eksingedalen

- 24.03 Olav Nese 1944

Vaksdal

- | | | |
|-------|-------------------------|------|
| 30.03 | Ester Kalleklev | 1916 |
| 16.04 | Arvid Johannes Sæterdal | 1938 |
| 07.05 | Malvin Birkeland | 1941 |



Effektiv
trafikkopplæring

Tlf. 913 03 491
geir@effektivtrafikk.no
www.effektivtrafikk.no

Alt innan tømrararbeid



TLF. 922 65 739



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet

56 59 89 34



B Blad



Returadresse: Kyrkjebladet for Vaksdal
Postboks 113, 5721 Dalekvam

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 21. juni - 4. sundag i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø.
Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.
VAKSDAL KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste.
Kvamsøe. Nattverd.

Sundag 28. juni - 5. sundag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste.
Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

Sundag 5. juli - 6. sundag i treeiningstida

BERGSDALEN kl. 15:00. Stolsgudsteneste på
Bukkatødn. Kvamsøe. Les meir ein anna stad
i Kyrkjebladet.

Sundag 12. juli - 7. sundag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste.
Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

Sundag 19. juli - 8. sundag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste.
Kvamsøe. Nattverd. Dåp.

Sundag 26. juli - 9. sundag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø.
Dåp. Nattverd.

Onsdag 29. juli - Olsok

LEIRO (Eidsland) kl 18:00. Olsokstemna/Fri-
luftsgudsteneste. Kvamsøe. Les meir ein anna
stad i Kyrkjebladet.

Sundag 2. august - 10. sundag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø.
Nattverd. Dåp

Sundag 9. august - 11. sundag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø.
Nattverd. Dåp.

Sundag 16. august - 12. sundag i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11:00. Felles familie-
gudsteneste for Eksingedalen. Bø. Nattverd.
Dåp. Markering av skulestart for 6-åringane.
Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 17:00. Familieguds-
teneste. Bø. Nattverd. Dåp. Markering av
skulestart for 6-åringane. Kyrkjekaffi.

Sundag 23. august - 13. sundag i treeiningstida

VAKSDAL BEDEHUS kl. 11:00. Søndagsskule
med markering av skulestart for 6-åringane,
ved trusopplærar Kristin Audestad med fleire.
NB: 1. klassingane møter kl. 11:00, søndags-
skulen startar kl. 11:30. Eit samarbeid mellom
Søndagsskulen, indremisjonen og soknerådet.
EIDSLAND KAPELL kl. 17:00. Familiegudste-
nest. Kvamøse. Nattverd. Dåp. Presentasjon
av konfirmantane. Markering av skulestart
for 6-åringane. Kyrkjekaffi.

Sundag 30. august - 14. sundag i treeiningstida

DALE kl. 11:00. "Fest på kjerka" / Friluftsguds-
teneste i Messehagen på Dale, i samarbeid
med Sjømannskyrkja. Kvamsøe. Presentasjon
av konfirmantane. Markering av skulestart
for 6-åringane. Kyrkjekaffi.

VAKSDAL KYRKJE. kl. 18:00. Gudsteneste. Bø.
Nattverd. Dåp. Presentasjon av konfirmantane.
Kyrkjekaffi.

Sundag 6. september - 15. sundag i treeiningstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Bergsdals-
stemna og Jordbærjazz. Kvamsøe . Nattverd.
Dåp. Kyrkjekaffi

STAMNES KYRKJE. kl. 18:00. Gudsteneste. Bø.
Nattverd. Dåp. Presentasjon av konfirmantane.
Kyrkjekaffi.

Sundag 13. september - 16. sundag i treeiningstida

EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 11:00. Guds-
teneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.
STANGHELLE BEDEHUS kl. 16:00. Familie-
gudsteneste. Kvamsøe. Kyrkjekaffi.

Dåp = Høve til dåp i gudstenesta. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på www.vaksdal.kyrkja.no og for eventuelle endringar.



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsom

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no